

Til:
Vest-Telemarkrådet
v/ Anne Aasmundstveit

Fyresdal 1. mars 2021

Høyringsvar – Klimaplan for Vest-Telemark

VTNF er ei interesseforeining for private verksemder i Vest-Telemark. Innleiingsvis vil vi gje Vest-Telemarkrådet honnør for å sette dette heilt sentrale temaet på dagsorden. Det er liten tvil om at globale klimaendringar er ei stor utfordring og ein betydeleg trussel for alle sider av samfunnsutviklinga. Næringslivet er sterkt opptatt av dette, og er i full gang med tilpassing til eit varmare, våtare og villare klima. Vi trur det hastar, men vi vil innleiingsvis vere heilt tydelege på at vi ikkje kjem til å nå mål om ei begrensa global oppvarming dersom ein ikkje evnar å sjå klimatiltak som ein del av ein generell næringspolitikk.

Berekraftig utvikling handlar om å sikre sosiale, miljømessige og økonomiske utviklingssystem. Ein har av og til tendens til å tenke at klimakampen i stort handlar om vern, reduserte utslepp, begrensa forbruk etc. Det er viktig at ein jobbar med tiltak som begrensar utslepp, men det er ikkje nok. Vegen mot lågutsleppssamfunnet går gjennom endra produksjon, stimulering til nye måtar å skape verdiar, innovasjon og utvikling. I dette biletet er næringslivet heilt sentralt. «Det blir ingen grønt skift med rødt bunnlinje», har mange sagt. Det trur vi er viktig at ein klimaplan for Vest-Telemark også legg til grunn.

Det er vår generelle oppfatning av framlegg til «Klimaplan for Vest-Telemark» at den i alt for liten grad har fokus på næringslivets rolle og potensiale. Inntrykket blir klart allereie ved Hovudmåla, der alle handlar om kva kommunane skal gjere. Det er i og for seg fint at ein har eit hovudmål om å rettleie og motivere næringslivet, men det aller meste av næringslivets utvikling og strategiske val skjer utan innverknad frå det offentlege. VTNF meiner derfor det er ein svakhet, dersom dette skal vere ein samla klimaplan for regionen, at næringslivets rolle bare er indirekte omtala. Det er mogleg vi misforstår, at dette er ein plan for kommunanes aktivitet. Våre innspel er uansett tufta på at dette er ein plan for Regionen Vest Telemark, som består av langt meir enn kommunale administrasjonar.

Kapitla **Areal, Jordbruk, Skogbruk, Sirkulær økonomi og avfall samt Transport** gir ein del nyttig informasjon. Vi sit imedan med ei klar oppfatning av at omtala har ei politisk «slagside», særleg omtala av Areal og Jordbruk. Kjeldebruken tyder at ein vektlegg naturverinteresser, og ideologiske retningar innan jordbruk som agroøkologi. Det er bra å ha med ulike synspunkt, men vi stiller spørsmål om framstillinga er tilstrekkeleg nyansert. I kva for grad vi har ei naturkrise i norske skogar og kva slags landbruksregime ein skal ha for å sikre eit berekraftig og klimatilpassa landbruk er høgst omdiskutert. Det manglar ikkje på seriøse kjelder som har eit anna syn enn det som blir framstilt i rapporten.

Vi meiner det er viktig å ha fokus på kva Vest-Telemark som region kan gjere for å bidra til å nå dei svært kravande måla om lågare klimagassutslepp. FN's Klimapanel har i både sin 5. og 6. hovudrapport vore tydelege på at dersom ein skal nå målet om 1,5 grads global temperaturauke frå referansenivået (1870-1876) må ein i stor grad bruke og skape fleire berekraftige ressursar. Vi skal fase ut fossile energikjelder og erstatte desse med fornybare, resirkulerbare og økonomisk lønsamme kjelder. Det same vektlegg regjeringa i Klimakur og vi finn tilsvarande rammeverk i alt frå EUs Green Deal til Veikart for lavutslappssamfunnet som alle dei store næringane i Noreg har laga.

Vest-Telemark har fortrinn i dette perspektivet. Vi har store fornybare ressursar, ein del av dei unytta. VTNF er opptatt av korleis vi kan sjå behovet for ei omstilling til lågutslepp som ein moglegheit framfor ei hindring. Klimakampen vil utvilsamt kreve omstilling men vi må vere realistiske. Det er veldig få som er villige til å redusere sin levestandard og valfridom. Når ein ser på det offentlege ordskiftet om klimatiltak er det i dag polariserande, både mellom interessegrupper politisk men også mellom bygd og by. Mange opplever at fremming av el-bilar er eit angrep på bygdekulturen der behovet for køyretøy er eit anna enn i byane. Vi ser det tydeleg i vinter med høgare energiprisar på både straum og bensin/diesel. Kommentarfelta i sosiale media fløymer over av «hat» mot det grøne skiftet. Legg vi for stor vekt på at klimaplanar skal handle om vern og restriksjonar druknar dei positive sidene i negativ støy. Og vi mister fokus på at vi faktisk må gjere endringar for å unngå katastrofale klimaendringar.

Forslag til handlingsplan

Vi går ikkje inn på dei konkrete felta men har same innspel her som tidlegare. Handlingsplanen manglar ein dimensjon kring korleis vi aktivt kan tilrettelegge for vekst og utvikling i næringslivet der vi også bidrar til å nå mål om klimautslepp. Sjølv sagt er det mange av punkta som er nemnt som vil bidra her, til dømes vil krav om bruk av tre i bygg og bevisste krav om sirkulære løysingar ved off. innkjøp stimulere til ny næringsverksemd. Men det er så mykje meir ein burde sett på.

- Korleis kan ein legge til rette for eit næringsliv som ønskjer å bli ein del av ein sirkulær økonomi – kan Vest-Telemark skape gode heimemarknader for verksemdar som vil bli gode på sirkulære og berekraftige forretningsmodellar ? Her kan gode dømer vere miljø innan solenergi, vasskraft, biobasert energi etc.
- Kompetanse. Vi veit at kampen om arbeidskraft trekker til. Korleis skal vi sikre at næringslivet i regionen får tilgang på ein kompetanse som også kan bidra i eit klimaperspektiv. Korleis følgjer vi dette opp mot skule/utdanning ?
- Korleis kan ein legge til rette for at reiselivet i regionen kan ta ein posisjon i klimaperspektiv. Vi er kjend med at det er sett i gang eit arbeid for bærekraftig reisemålsutvikling, men dette burde også vore ein del av ein samla klimaplan ?
- Korleis kan eit samla næringslivs ambisjonar om berekraft og klimatilpassning bidra til at Vest-Telemark når klimamåla? Det er ei rekkje verksemdar i regionen innan industri, produksjon, handel, finans, entreprenørverksemd , rådgjeving +++ som kan ta ei rolle i utviklinga. Men marknaden må ligge til rette for det.

VTNF meiner framlegg til klimaplan kan behandlast slik han er men at ein med fordel kunne framheva at klimapolitikk også må vere god næringspolitikk. Dernest ville det styrka planen om han var tydeleg på at den primært er retta mot kommunanes aktivitetar.

For å få den naudsynte dimensjonen med næringslivets medverknad vil VTNF foreslå at ein vurderar om regionen i forlenginga av problemomtala som er gitt i klimaplanen, bør ta initiativ til å lage eit vegkart for klimaoffensiv næringsutvikling i regionen. Vegkartet kunne vere eit supplement til planen og utformast i tett samarbeid med næringslivet som eit prosjekt. VTNF vil vere positive til å bidra inn i eit slikt prosjekt som vi meiner det også må vere mogleg å finne finansiering til. Med dette ville ein kanskje kunne bidra til å skape ei bevisstgjerung med konkrete område næringslivet kunne utvikla seg innanfor, sette nokre mål og prioriteringar samt bygge ned motsetningar som ein i dag ser i klimadebatten.

Med helsing



Olav A Veum
Dagleg leiar, VTNF